




ARKIVVERKET
RIKSARKIVET

Samdok

samla samfunnsdokumentasjon

RAPPORT 2016



PRIORITERT OPPGAVE
PRIV 12 Finansieringsmodeller privatarkiv

Utarbeidet av
Terje Haram

Rapportdato
12.12.2016



SAMDOK delprosjekt: Privatarkiv	Prioritert oppgave: PRIV 12 Finansieringsmodeller	SAK (ePhorte):	Dato:	Side: 1 av 6
Forfatter:	Tittel: Rapport 2016 – PRIV 12 Finansieringsmodeller privatarkiv			

OPPGAVE	PRIV 12 Finansieringsmodeller privatarkiv
Ansvarlig delprosjekt	<i>Privatarkiv</i>
Arbeidsgruppens leder	Terje Haram (Lokalhistorisk Arkiv i Bergen, leiar)
Arbeidsgruppens medlemmer	Nina Carlsen (Arkivverket), Cecilie Lintoft (LLP), Janet Birkedal Martin (Arkivverket/NOGA), Gunnar Morsund (IKA Møre og Romsdal), Tom Oddby (LLP) og Liv Ramskjær (Museumsforbundet).
Målformulering	Utrede forslag for å få økt satsing på privatarkiv, bl a næringslivsengasjement spesielt for bedriftsarkiv.
Sammendrag	<p><i>Forslag til tiltak:</i></p> <ul style="list-style-type: none">• Arkivinstitusjonar eigd av kommune eller fylkeskommune, og som ønskjer statlig stønad, bør organisere seg på ein slik måte at staten kan gå inn på stønadsida. Det er ønskeleg at staten tar initiativ til ei arkivreform, etter modell av museumsreforma for å leggje til rette for dette.<ul style="list-style-type: none">○ Staten kan godt sette krav om at kommune eller fylket/region skal vere med i spleiselaget for arbeid med privatarkiv.○ Staten kan vidare oppmode bransjeorganisasjonar til å vere med i dette arbeidet ved å gi tilsvarende som bransjeorganisasjonane gjer. Da må staten også vise at den prioriterer midlar til dette arbeidet ved at institusjonar som arbeider godt med bevaring av privatarkiv, får ei uttelling for dette på sine driftstilskot.• Institusjonar bør vurdere <i>andre</i> budsjett, i tillegg til kulturbudsjettet, for søknader om stønad, slik museumssektoren får stønad frå forsvar-, samferdsel-, landbruksdepartement etc.• Eit styrka lovverk når det gjeld private verksemder med offentlig tilknytning, vil nødvendigvis føre til finansiering og bevaring av viktige arkiv. Desse verksemdene/oppgåvene må regulerast på lik linje med offentlige verksemder når det gjeld plikt til å arkivere.• Namsmannen har behov for tidsbestemt lagring av arkiv frå verksemder som er under avvikling eller konkursbehandling. Her kan arkivinstitusjonar inngå avtaler med Namsmannen om å vere depot for denne. Interessante arkiv kan bevarast.• Tippemiddel bør vurderast som finansieringskjelde til bevaring av idrettsarkiv.• Riksarkivaren bør få øymerka tilskot til prosjekt for arkivinstitusjonar, der bevaring av skriftlege kulturminne blir sett i samheng med gjenstand, landskap eller bygningar.
Oppfølging 2017	– <i>Anbefalingene forventes fulgt opp i Arkivverkets linje og av LLP (Norges arkivforbund) og NMF (Norges museumsforbund)</i>
Vedlegg	



SAMDOK delprosjekt: Privatarkiv	Prioritert oppgave: PRIV 12 Finansieringsmodeller	SAK (ePhorte):	Dato:	Side: 2 av 6
Forfatter:	Tittel: Rapport 2016 – PRIV 12 Finansieringsmodeller privatarkiv			

Rapport for arbeidsgruppe Finansieringsmodeller privatarkiv

Medlemmer

Terje Haram (Lokalhistorisk Arkiv i Bergen, leiar), Nina Carlsen (Arkivverket), Cecilie Lintoft (LLP), Janet Birkedal Martin (Arkivverket/NOGA), Gunnar Morsund (IKA Møre og Romsdal), Tom Oddby (LLP) og Liv Ramskjær (Museumsforbundet).

Spesielle utfordringar i arbeid med privat sektor:

Det er eit problem at arbeid med arkiv frå det offentlige har eit lovverk i ryggen, medan tilsvarande lovverk er svakt eller ikkje er i bruk for privat sektor. Arkivlova har ein § der ein kan hindre eit arkiv i å gå ut av landet. Denne har blitt nytta *ein* gang. Rekneskapslovgjevinga gir eit midlertidig vern ved å sikre at dokumentasjon som kan opplyse om eventuelle økonomiske brotsverk blir lagra i 5 år. Likningslova har eit tilsvarande vern i 10 år dersom verksemda har meir enn 250 tilsette og omsett for meir enn 400 million kr/år. Om ikkje dette er tilfellet, gjelder 5-årsregelen også her. Utanom dette er der ingen lovgjeving som pålegg verksemdar krav til lagring, verken av dokumentasjon som kan gi grunnlag for økonomisk erstatning for yrkesskade, eller hjelp i forhold til pensjonsspørsmål. Vidare er der heller ingen lovgjeving som dekker kravet om dokumentasjon av historie verken i eit lokalhistorisk eller bransjehistorisk perspektiv. Dette er merkelig med tanke på kor sterkt vern ein har av bygg og gjenstandar innan antikvarisk, arkeologisk og museal tenking. Eit lovverk som i større grad ville ha hindra sletting og makulering ville ha sikra viktige historiske kjelder frå øydelegging.

Særlig blir dette eit problem når det private i stor grad, og til dels aukande grad, utfører tenester på vegne av det offentlige. Dokumentasjon av offentlig drivne helse- og omsorgsinstitusjonar er pålagt i lovverket. Når det offentlige kjøper slike tenester frå private, er der ikkje eit krav om at kostnaden med å lagre og gi mulighet for tilgang til tilsvarande dokumentasjon, må med som eit krav i innkjøpet. Liknande tilhøve er det når det gjeld barnevern, rusmiddelomsorg og psykiatri. Men ikkje berre der. Når det offentlige ber private om å utføre bygging, planarbeid eller spesialistrapportar, får bestillar berre sluttproduktet. Dersom det oppstår strid om dette i etterkant, vil ein alltid ha behov for å gå inn i grunnlagsmaterialet for rapporten eller planlegginga. Vi kjenner til eksempel på at manglande offentlig kontroll på dette har gitt alvorlige følgjer for bestiller. Arkivmeldinga omtalte dette problemet i 2012 (Meld. St. 7 (2012-2013) Arkiv, side 86) og varsla om ei revidering av virkeområdet for arkivlova. I oktober i år blei framlegget til ny arkivforskrift sendt til høyring frå KUD. Trass i signala frå Arkivmeldinga har ikkje problemet blitt adressert her.

Vidare er det eit problem med det strenge forvaltningsmessige skillet i arkivarbeidet generelt. Nysæter-utvalet av 2005 («Eit nytt regionalt arkivlandskap») peika på gode løysingar for dette, men som dessverre ikkje er gjennomførte.

Eit anna spesielt kjenneteikn med arbeid med arkiv frå privat sektor, er behovet for ein akutt beredskap. Dette gjeld i særlig grad arbeid opp mot bedrifter, der konkurs og avvikling litt for ofte kan komme som lyn frå klar himmel. Då er tida for avtale med konkursadministrasjon og henting av arkivet kort. Svært ofte skal bygningsmasse og lokale leigast ut til nye formål kjøpt. Det er då heilt avgjerande at ein både kan stille med magasinplass og arbeidsressursar til å ta imot materialet.



SAMDOK delprosjekt: Privatarkiv	Prioritert oppgave: PRIV 12 Finansieringsmodeller	SAK (ePhorte):	Dato:	Side: 3 av 6
Forfatter:	Tittel: Rapport 2016 – PRIV 12 Finansieringsmodeller privatarkiv			

Ein føresetnad for å kunne ha eit privatarkivarbeid med eit minimum av beredskap og kvalitet er ein viss stabilitet i finansiering. Arbeidet må vere del av eit miljø der arkiv har ein sentral plass. Miljøet må vere så stort at det har drift kvar dag og har personalressursar som er spesielt fokuserte på denne type arbeid og kan vise kvalitet i dette arbeidet.

Eksisterande arkivinstitusjonar utanfor Arkivverket

Ein heilt nødvendig premis for å få kvalitet og ressursar til eit slikt arbeid er ei grunnfinansiering frå det offentlege. Mange institusjonar arbeider med privatarkiv, men svært få har dette som primæroppgåve. Vi har i dag fem reine privatarkivinstitusjonar som klarer å drive tenlig arbeid mot private i Norge. Alle disse har eit felles premis: dei har ei grunnfinansiering frå det offentlege. Fire av dei fem har si grunnfinansiering frå staten, via statsbudsjettet: Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek (ARBARK), VID historiske arkiv (tidlegare Misjonsarkivet), Norsk olje- og gassarkiv (NOGA), som er ein del av Arkivverket, Statsarkivet i Stavanger, og Skeivt arkiv, som er ein del av spesialsamlingane ved Universitetsbiblioteket i Bergen. Den femte privatarkivinstitusjonen, Lokalhistorisk Arkiv i Bergen (LAB), får si grunnstønad frå Bergen kommune. Alle desse institusjonane vil hevde at dei neppe ville ha overlevd i mange år utan ei offentlig grunnfinansiering. Fire av disse fem hentar i tillegg inn vesentlege inntekter frå miljøet dei tener, via sal av tenester.

Det er også verdt å merke seg at fire av dei fem institusjonane har eit tematisk fokus, medan den femte har eit geografisk fokus. Institusjonen med eit geografisk fokus får støtte frå kommunen, altså ein geografisk avgrensa del av det offentlege, og samlar inn pengar frå nærings- og organisasjonslivet i nærområdet.

Arbeidsgruppa meiner også at det er viktig å styrke samarbeidet med musea som ønskjer å satse på arbeid med bevaring av privatarkiv, og at det er viktig å synleggjere overfor styresmaktene at dette er eit viktig arbeid som krev ressursar. Støtteordninga for privatarkiv for museum og arkiv bidrog til økt samarbeid mellom arkiv og museum, noe arbeidsgruppa ser på som svært positivt. Arbeidsgruppa ser derimot ikkje dette som tilstrekkelig for å danne eit meir solid fundament for innsamling, bevaring og tilgjengeliggjering av privatarkiv. Det trengs også ei styrking av driftstilskot.

Av dei fem reine privatarkivinstitusjonane er to lokalisert til ein arkivinstitusjon og ein til eit universitetsbibliotek som har drive arkivarbeid i mange år. Arbark og Misjonsarkivet er «for seg sjølv», men har drive eit godt arbeid i mange år. I tillegg har vi to fylkesarkiv som er del av konsoliderte museum, Vestfoldmuseene og Aust-Agder museum og arkiv, som har både museum og arkiv som del av sine organisasjonar. Begge desse har i hovudsak eit geografisk fokus. Dessutan har vi Arkivverket, alle type kommunearkivinstitusjonar og fagbibliotek, så vel som reine museum, som i ulik grad har budsjett avsett til privatarkivarbeid. Fleire av musea har oppretta arkivarstillingar i nyare tid, mens andre har lange tradisjonar for privatarkivarbeid. Østfoldmuseene har til dømes to avdelingar som gjennom mange år har arbeidd med privatarkiv og har bevart 4,5 km med privatarkiv. Felles for mange av desse arkiv, biblioteka og musea er at deler av deira arkivmateriale har betydelig nasjonal interesse.

Framtidig privatarkivarbeid

Arbeidsgruppa ser eit uutnytta potensial for samarbeid om styrking av etablerte institusjonar, men at det i noen tilfelle kan vere behov for å etablere tematiske arkiv for særlege tema, som eksempelvis Skeivt Arkiv. Slike bør så langt som mulig knytast opp mot tilgrensande miljø for å styrke den faglige profilen. Dette kan også vere ein måte å auke ulike departement sine tilskot til arkivbevaring.



SAMDOK delprosjekt: Privatarkiv	Prioritert oppgave: PRIV 12 Finansieringsmodeller	SAK (ePhorte):	Dato:	Side: 4 av 6
Forfatter:	Tittel: Rapport 2016 – PRIV 12 Finansieringsmodeller privatarkiv			

Arbeidsgruppa meiner at ein ikkje skal satse berre på tematiske, eller berre geografiske arkiv, men at det skal vere rom for begge delar. Også at institusjonar som i utgangspunktet er geografiske, kan ha eit særlig ansvar for eit landsdekkande tema ved at denne næringsgreina er særlig sterkt representert i denne regionen.

Etablering av synlige spesialarkiv kan ha den fordel at det kan vere lettare å få støtte til slike institusjonar frå andre aktuelle finansieringskjelder eller faggrupper. Særgrupper innan NHO, idrettsforbundet eller miljøørøyrsla kan vere aktuelle støttespelarar.

Samtidig ser vi at lokalt engasjement også kan vere nyttig. Dersom t.d. fiskeriet i Norge skal dokumenterast gjennom arkiva, ville det vore vanskelig å få støtte til dette frå det nordnorske miljøet dersom institusjonen blei lagt til Vestlandet. Og vice versa. Dette grunnlegg i ein til dels ulik tradisjon i måten å drive fiskeri på. Slike forskjellar mellom landsdelar finn ein også i jordbruket. Andre næringsgreiner vil derimot kunne vere sterkt dominerande i ein region, t.d. skogbruk og oljeindustrien.

Arbeidsgruppa meiner at finansiering av privatarkivarbeidet *må* ha eit offentlig fundament, og som må supplerast med midlar frå bransjeorganisasjonar, interesseorganisasjonar og andre aktørar innan deira fokusområde. Vidare vil stiftelsar, donorar og andre aktuelle kjelder nasjonalt eller lokalt også kunne bidra finansielt. Både rettighetsdokumentasjon og kulturarvsperspektivet må kunne brukast til å legitimere behova, i tillegg til bevaring av breiare samfunnsdokumentasjon.

Arbeidsgruppa meiner det er nesten umogleg å få til eit arbeid av akseptabel kvalitet og volum utan ei offentlig finansiering i botn. Denne finansieringa bør komme både frå stat, fylke og kommune. Samtidig ser vi at det er eit problem at staten ikkje vil gi støtte til kommunale og fylkeskommunale institusjonar, og kommune/fylkeskommune ikkje vil gi støtte til statlige institusjonar. Dette skaper eit problem opp mot privatarkivarbeidet for ein stor del av landet. Arbeidsgruppa meiner at ein bør sjå til museumssektoren som har hatt si museumsreform der ei rekke museum er samla i konsoliderte driftseiningar som er stiftelsar, AS, IKS mm. Vi meiner derfor at aktørar som søker støtte frå fleire forvaltningsnivå må organisere seg på ein måte som gjer dette mogleg. Det tidlegare omtalte Nysæter-utvalet av 2005 var inne på same problemstilling og lanserte Arkivsentermodellen og Regionalarkivmodellen. Slike modeller baserer seg på stiftelsar eller aksjeselskap.

Kriterier for statsstøtte

Arbeidsgruppa meiner at det for å kunne få statlig støtte bør stillast faglige og praktiske krav:

- Institusjonen må tilfredsstille Riksarkivarens krav til privatarkivarbeid.
- Dei institusjonane/miljøa som har vist i praksis at dei satsar på arbeid med privatarkiv bør prioriterast.
- Institusjonen må ha tilgjengelig plassreserve.
- Institusjonen må kunne vise til tilgjengelige personalressursar og fagkunnskap i sine strategidokument eller fagplanar.



SAMDOK delprosjekt: Privatarkiv	Prioritert oppgave: PRIV 12 Finansieringsmodeller	SAK (ePhorte):	Dato:	Side: 5 av 6
Forfatter:	Tittel: Rapport 2016 – PRIV 12 Finansieringsmodeller privatarkiv			

Finansieringsformer

- Statsstønad over statsbudsjettet. Dei fleste arkiv- og museumsinstitusjonane som har privatarkiv som hovudfokus får i dag støtte direkte frå statsbudsjettet. Dei få som ikkje får det, bør få det.
- Fylkeskommunal støtte. Dei fleste musea under KUD får støtte frå fylket og aktuelle kommunar. Om lag halvparten av desse har eit aktivt privatarkivarbeid og meir enn ein tredel har eit stort omfang av privatarkiv i sine samlingar. Musea har bevart 22 % av alt bevart privatarkivmateriale. To fylker har organisert fylkesarkiva sine i organisasjonar som er kombinert arkiv og museum.
- Ein privatarkivinstitusjon, Stiftelsen LAB i Bergen får kommunal grunnstønad. Andre (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar brukar også ein god del ressursar på privatarkiv. Desse har økt engasjementet sitt på privatarkivfeltet og oppbevarer nå heile 26 % av alt bevart privatarkivmateriale.
- Kulturrådet har øymerka tilskot til prosjekt for museum. Arkivverket har ei tilsvarende ordning for arkivinstitusjonar utanfor Arkivverket.
- Fast årlig støtte frå bransjeorganisasjonar. Berre Landsorganisasjonen gjer det i dag, og gir støtte til Arbark.
- Den viktigaste støtta er ein fast offentlig grunnstønad som nemnt ovanfor. I tillegg er det mogleg å sjå for seg andre former for støtte:
 - Ein liten del av tippnøkkelen kan vere øymerka til kulturvern/arkivformål.
 - Riksarkivaren har øymerka tilskot til prosjekt for arkivinstitusjonar, der bevaring av skriftlege kulturminne blir sett i samheng med gjenstand, bygningar eller landskap.
 - Ein kan søkje om øymerka tilskot til enkelte stiftelsar som Fritt ord, Sparebankstiftelsen og andre.
 - Namsmannen har behov for tidsbestemt lagring av arkiv frå verksemder som er under avvikling eller konkursbehandling. Her kan arkivinstitusjonar inngå avtaler med Namsmannen om å vere depot for denne.
 - Gåveforsterkingsfondet
 - Crowdfunding blir brukt i finansieringa av ei rekke tiltak. Nokre museum har brukt dette til å finansiere kjøp av samlingar mm. Dette kan vere aktuelt å forsøke for bevaring og tilgjengeliggjering av arkivmateriale, men vil neppe egne seg for alle typar arkivmateriale. Dette vil krevje at materialet har ein appell hos ulike typar personar eller har svært god lokal forankring.

Det har i praksis vist seg både frå Bergen og Stavanger, at dersom der finns ei grunnfinansiering, er lokale bedrifter og organisasjonar villige til å legge pengar i potten for å ivareta arkiva sine. Det viser seg her at for kvar krone det offentlige gir, får dei 25 – 50 % meir i inntekter.

Sverige har etter komiteens syn ei langt betre finansiering på dette området enn Noreg har. Her blir arbeidet stort sett finansiert gjennom regionale arkivinstitusjonar som handterer både privatarkiv og offentlige arkiv frå dei forskjellige forvaltningsområda. I tillegg er der finansieringsavtaler med næringsorganisasjonar og ei hyllemeteravgift som organisasjonar og verksemder må betale. Dei kallar dette samvirkemodellen. Bevaring av



SAMDOK delprosjekt: Privatarkiv	Prioritert oppgave: PRIV 12 Finansieringsmodeller	SAK (ePhorte):	Dato:	Side: 6 av 6
Forfatter:	Tittel: Rapport 2016 – PRIV 12 Finansieringsmodeller privatarkiv			

arkiv etter privat verksemd, som del av eit mål om ein total samfunnsdokumentasjon, er eitt av sju kulturområde som bruker den såkalla samvirkemodellen. Nylig blei utdelinga av desse midla flytta frå sentralt nasjonalt nivå, til det regionale nivået. I dei fleste tilfelle ser ein at det regionale nivået står for den største delen av finansieringa.

Forslag til tiltak

- Arkivinstitusjonar som er eigd av kommune eller fylkeskommune, og som ønskjer statlig stønad, bør organisere seg på ein slik måte at staten kan gå inn på stønadsida. Det er ønskeleg at staten tar initiativ til ei arkivreform, etter modell av museumsreforma for å leggje til rette for dette.
- Staten kan godt sette krav om at kommune eller fylket/region skal vere med i spleiselaget for arbeid med privatarkiv.
- Staten kan vidare oppmode bransjeorganisasjonar til å vere med i dette arbeidet ved å gi tilsvarande som bransjeorganisasjonane gjer. Da må staten også vise at den prioriterer midlar til dette arbeidet ved at institusjonar som arbeider godt med bevaring av privatarkiv, får ei uttelling for dette på sine driftstilskot.
- Institusjonar bør vurdere andre budsjett, i tillegg til kulturbudsjettet, for søknader om stønad, slik museumssektoren får stønad frå forsvar-, samferdsel-, landbruksdepartement etc.
- Eit styrka lovverk når det gjeld private verksemder med offentlig tilknytning, vil nødvendigvis føre til finansiering og bevaring av viktige arkiv. Desse verksemdene/oppgåvene må regulerast på lik linje med offentlige verksemder når det gjeld plikt til å arkivere.
- Namsmannen har behov for tidsbestemt lagring av arkiv frå verksemder som er under avvikling eller konkursbehandling. Her kan arkivinstitusjonar inngå avtaler med Namsmannen om å vere depot for denne.
- Institusjonar bør vurdere fleire typar statlig stønad enn *ein* post på statsbudsjettet. Tippemiddel bør vurderast som finansieringskjelde til bevaring av idrettsarkiv.
- Riksarkivaren bør få øymerka tilskot til prosjekt for arkivinstitusjonar, der bevaring av skriftlege kulturminne blir sett i samheng med gjenstand, landskap eller bygningar.